

Dette manuset skal nyttast saman med PowerPoint-presentasjonen *Trygg netthandel*. Punkta si nummerering svarar til PowerPoint. Punkt 1 høyrer til slide 1 (side 1) i PowerPoint-presentasjonen, Punkt 2 til side 2 osv. Det same manuset finn du òg som notat under kvar slide.

Skrift som er **utheva** er kommentarar til kurshaldaren. Skrift med store BOKSTAVAR er overskrifter. Resten av teksten kan lesast høgt eller brukast som rettleiing for det kurshaldaren skal seie medan han/ho underviser.

Manus

1. **Gå gjennom læringsmåla med kursdeltakarane før du startar sjølve opplæringa. Det gjer det lettare for dei å lære og hugse det dei har lært.**

Hugs at nettbutikker er ulike og ta deg tid til å svare på spørsmål undervegs.

Det kan vere lurt å be kursdeltakarane om å ta med seg bankkort, kredittkort og betalingsbrikker til timen slik at dei kan gjennomføre eit kjøp når undervisninga er ferdig.

2. KVA ER EIN NETTBUTIKK?

I somme nettbutikker kjøper ein ting eller klede, men ein kan òg bestille tenester, reiser, reservere hotellrom og mykje meir.

Enkelte handlar i nettbutikk for å spare tid og pengar. Andre opplever at dei på nettet får tak i produkt og tenester dei ikkje finn andre stader.

Det første steget når ein ønskjer å handle noko på nett er å finne ut kva for ein nettbutikk ein skal bruke. Dei fleste veit kanskje kva for ein butikk dei ønskjer å bruke på førehand. Dersom du veit kva slags vare du ønskjer å kjøpe, men ikkje veit kva for nettbutikk som har ei slik vare, kan du prøve å søkje/google vara i nettlesaren din og sjå om det dukkar opp butikkar der du kan kjøpe vara.

3. Her er nokre døme på ulike nettbutikker.
4. Her er nokre døme på ulike nettbutikker.
5. Her er nokre døme på ulike nettbutikker.
6. Her er nokre døme på ulike nettbutikker.

7. Dei fleste nettbutikkane er bygde opp ganske likt.
8. Det første du ser er ofte ei side der du kan leite fram og lese om varene.
9. På sida finn du òg ei "handlevogn" der varene og tenestene du ønskjer å kjøpe hamnar.
10. Trykk på ei vare for å velje ho.
11. Akkurat som i ein vanleg butikk kan du velje å kjøpe ei eller fleire varer.
12. Akkurat som i ein vanleg butikk kan du velje å kjøpe ei eller fleire varer.
13. Du kan òg kjøpe fleire ulike varer.
14. Når du har lagt alt du ønskjer å handle i handlekorga di, må du finne kassen for å betale.
Trykkjer du på "kjøp", ser du at vara blir lagt i handlekorga di.
15. Trykkjer du på "kjøp", ser du at vara blir lagt i handlekorga di.
16. Her ligg det éi vare i handlekorga.
17. Legg du i fleire varer, blir handlekorga oppdatert.
18. I tillegg har nettbutikken ei "kasse" eller utsjekking der du må stadfeste kjøpet, bestemme deg for korleis du ønskjer å betale og korleis du vil ta imot vara. Dette kjem vi tilbake til.
19. Nettbutikker er ulike
Somme bruker andre nemningar enn "handlevogn" og "kasse". Somme stader står det "bestill" eller "legg i handlevogn".
20. Somme nettbutikker er òg på andre språk. Men prosessen du skal igjennom er den same.
 1. Finn den/dei varene du ønskjer å kjøpe.
 2. Gå til kassa når du er klar til å betale.
 3. Betal for varene dine.

21. SLIK BETALER DU

22. For å betale må du først finne kassa. Den lettaste måten å finne ho på er å klikke på handlevogna. I tillegg til å vise deg kva for varer du har valt, kan du som oftast gå til kassa herifrå. Sjå etter ein knapp eller ei lenkje der det står "Til kasse", "Gå til betaling", "Gå til utsjekking" eller noko tilsvarande som gjer at du kan avslutte handelen.
23. For å betale må du først finne kassa. Den lettaste måten å finne ho på er å klikke på handlevogna. I tillegg til å vise deg kva for varer du har valt, kan du som oftast gå til kassa herifrå. Sjå etter ein knapp eller ei lenkje der det står "Til kasse", "Gå til betaling", "Gå til utsjekking" eller noko tilsvarande som gjer at du kan avslutte handelen.
24. I kassa er det vanleg at du må gi frå deg informasjonen nedanfor til nettbutikken for å kunne gjennomføre eit kjøp:
25. Namnet og adressa til mottakaren av varene (du kan velje å sende varene til ein venn eller eit familiemedlem)
26. Namnet og adressa til den som betaler, det heiter ofte fakturaadresse (dette skal vere deg)
27. E-postadressa og telefonnummeret ditt (helst eit mobilnummer)
28. Betalingsform. Ofte kan ein velje mellom å få tilsendt faktura, betale med bank- eller kredittkort, eller ei anna betalingsløyising.
29. Dersom du vel å betale med bank- eller kredittkort, blir du òg bedt om å oppgi namnet på innehavaren av kortet, kortnummer og utløpsdato (det finn du på framsida av kortet) og CVC (denne finn du på baksida av kortet ditt. CVC er dei tre siste tala lengst til høgre på same linje som signaturen din).
30. Før du kan gjennomføre kjøpet må du òg seie deg einig i kjøpsvilkåra til nettbutikken du bruker.

Vilkåra er ofte skrivne inn i lister som kan verke lange og uoverkomelege. Det er likevel viktig at du tek deg til å lese raskt gjennom, så du veit kva du seier deg einig i.

Les ekstra nøye på dei delane som handlar om levering, avbestilling, retur av varer og angrerett.

Manus TRYGG NETTHANDEL

31. Når du har funne ut av desse tinga kan du huke av for at du er einig i kjøpsvilkåra dersom du framleis ønskjer å kjøpe varene.

Ein viktig del av kjøpsprosessen er òg at du som kjøpar forpliktar deg til å betale for varene. Nettbutikken du handlar i bør gi deg tydeleg informasjon om både dette og om angreretten.

Prosessen for betaling kan vere litt ulik frå nettbutikk til nettbutikk, så følg instruksjonen på skjermen nøye.

32. Når handelen er ferdig, kjem du vanlegvis til ei side der det står at bestillinga di er motteken. Ofte får du òg ein e-post med ei bestillingsoversikt. Mange nettbutikker sender deg også e-post undervegs i pakke- og sendeprosessen så du veit kva som skjer med varene dine.

33. Kort oppsummert må du alltid gjennom desse stega for å kjøpe ei vare på nett:
Finn ein nettbutikk

34. Vel varer

35. Legg varene i handlevogna

36. Gå til kassa

37. Oppgi adressa til mottakaren

38. Oppgi fakturaadresse

39. Oppgi mobilnummer og e-post

40. Vel betalingsmåte og fyll ut eventuell tilleggsinformasjon knytt til dette

41. Les kjøpsvilkåra

42. Godkjenn kjøpsvilkåra

43. Kontroller at bestillinga di blir stadfesta

Det kan verke som om det er mykje å gjere, men det blir fort lettare når du blir van med det.

Enkelte er redde for å bli svindla når dei handlar på nett. Sjansane for at dette skjer med deg når du handlar via kjende og mykje brukte nettbutikker er ganske liten, men det er likevel nokre hugsereglar du bør ha i bakhovudet.

44. KORLEIS KAN DU UNNGÅ SVINDEL?

Somme er redde for å bli svindla dersom dei handlar over nettet, men følgjer du nokre hugsereglar, kan du minske risikoen for at dette skjer.

Vi skal gå gjennom desse no.

45. Nokre gode hugsereglar for netthandel er:

Du bør ikkje handle med nokon du ikkje har tillit til. Er du usikker, kan du alltid undersøkje om telefonnummeret og kontaktadressa til nettbutikken er reelle og riktige.

46. Pass på at du handlar med ei trygg teneste. Kontroller nettadressa i adressefeltet. Står det https, eller ser du bilete av ein hengjelås i adressefeltet er informasjonen du legg inn verna og kan ikkje plukkast opp av andre.

Ikkje gi frå deg informasjon om deg sjølv eller betalingskortet ditt dersom du ikkje ser s-en eller hengjelåsen i adressefeltet.

47. HUGS: Når du handlar på nettet, skal du berre oppgi kortnummer, utløpsdatoen på kortet og kontrollnummer (CVC) til nettbutikken du handlar med. Blir du sendt vidare til ei side der du må oppgi passord og ein kode frå kodebrikka di, kan du gjere dette også. IKKJE gi frå deg PIN-koden din.

Det er lurt å bruke kredittkort når ein handlar på nett.

Oppgir du kredittkortinformasjonen din når du handlar på nett blir ikkje beløpet trekt frå kontoen din, men registrert på kredittkortfakturaen.

Då får du god tid til å kontrollere beløpet og ta imot vara før du skal betale fakturaen. Dersom du ikkje skulle få vara, eller dersom ho har feil eller manglar, har du i tillegg gode forbrukarrettar når du betaler med kredittkort.

Uansett om du bruker kredittkort eller bankkort for å betale vara skal du aldri oppgi PIN-koden til kortet ditt (PIN-koden er den 4-sifra koden du bruker når du bruker minibanken eller handlar over disk).

Følg med på bankkontoen din. Ser du at det har skjedd ting som du ikkje kjenner att, eller som du trur er svindel, bør du kontakte banken din. Dei hjelper deg å finne ut kva som har skjedd.

Manus TRYGG NETTHANDEL

48. Det er grunn til å vere skeptisk dersom du blir beden om å setje inn pengar på eit kontonummer for å betale for vara du skal kjøpe.

Dersom du vel å betale på denne måten er rettane dine svekte, og det kan bli vanskelegare å få hjelp dersom du angrar på kjøpet eller vara ikkje kjem.

49. Følg med og pass på at vara kjem til den tida nettbutikken oppgir i kjøpsvilkåra. Kjem ikkje vara, skal du heller ikkje betale for ho. Då må du ta kontakt med banken din.

50. **Ta deg tid til å hjelpe dei som ønskjer å bestille noko på nett.**

Det kan òg vere lurt å skrive ut ei hugseliste med dei ulike stega og forholdsreglane (gjerne med illustrasjonar) og dele desse ut til kursdeltakarane.